



Gol kommune

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/02662-7

Dato  
12.04.2021

## Referat frå FAU-møte ved Gol skule 27. april kl 18.

	<b>Møte nr.</b>	<b>3/2021</b>	
	<b>TID</b>	27/4-2021 kl 18.00	
<b>MØTESTAD</b>	På teams denne gongen og.		
<b>INNKALLA</b>	Aasha Katrine Bergman, Erik Bøe, Rune Aleksander Engebretsgård, Jørn Magne Forland, Åse Brøto Fossum, Toril Haugen, Elin Alexandra I Haugstad, Ingunn Håverstad, Tove Krusedokken, Line Marie Nilsen, Hege Iren Overå, Kristin Personbråten, Heidi Åmellem Ringstad, Helene B Rudningen, Hege Sato,		
<b>NESTE MØTE</b>	<b>REFERENT</b>	Tove Krusedokken	

<b>SAK</b>	
<b>Info saker</b>	<b>Info frå rektor</b> Klatreparken er klargjort til montering no. Fyrste helga med arbeid gjekk veldig bra. Levering av bark er noko forsenka, difor er neste dugnadshelg utsatt. <b>Info frå FAU-leiar</b>
<b>6/21</b>	<b>Tema for foreldremøter skuleåret</b> FAU-medlemmane har fått sjå utkast til neste års foreldremøter. Vi fekk òg kome med forslag til fleire tema. Ein slik plan skal reviderast kvart år. Ynskje er at FAU-representar skal ha ei aktiv rolle før og undervegs på foreldremøter. Forslag til tema: - økt bruk av iPad på småskuletrinnet, kan det vere ein ide at fysioterapeut kjem og fortel om gode vaner ved arbeids- og sitjestilling? - når skulen har diverse temaarbeid, kan det tas med på foreldremøte? For å tryggje foreldre i tema som kan vere vanskeleg. Eks. livsmestring. - setje opp ein progresjon for temaet nettvett. Vere tidsnok ute med aktuelle diskusjoner rundt barns bruk av spel og internett.
<b>7/21</b>	<b>Trivselsplan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Gol skule</b> FAU-medlemmane har lest trivselsplanen for Gol skule. Dette er ein omfattande og veldig god utarbeid plan! Den vil etter kvart sendast ut til foreldre og føresette. Neste del av prosessen er å få den godkjent i Samarbeidsutvalget, for så å leggjast fram for kommunestyret.

	<p>Lærarane les denne trivselsplanen kvart år. Denne har som mål å vere eit forebyggjande dokument, samtidig som den legg føringa på kva som skal gjerast når noko skjer i ein elevs skulekvardag. Enkelte tiltak er retta mot eleven, mens nokre er retta mot klassemiljøet. Ein sak har 5 dagers aktivitetsplikt. Det vil si at skulen skal ha vedtatt fyrste runde med tiltak inna det har gått 5 dager frå ein sak er kjent.</p> <p>FAU stilte spørsmål om trivselsplanen kan komme i ein forkorta utgåve som kan vere lettare for foreldre og føresetje å lese.</p> <p>Når ein sak meldast til skulen er det viktig at rektor får veta namn på alle dei som er involvert. Dette for å kunne setje inn tiltak på rett stad. Foreldre må tørre å seie i frå. Det har vore mykje fokus på mobbing i lokalavisa den siste tida. Viss rektor ikkje får vite namn kan han heller ikkje gje god nok hjelp!</p>
<b>8/21</b>	<p>Eventuelle saker:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det slik at det gjennomførast «skjulte anmerkningar» på ungdomsskulen? Nokon fortel at det har vore praktisert logg av anmerkningar utan at elever/foreldre har tilgang til denne. Ugreit å kome på ei foreldresamtale der ein får vite at eleven er i fare for å få nedsatt orden og oppførsel utan å fått beskjed om dette i forkant. Rektor svarer at det har vore ein periode der det har oppstått diskusjonar mellom skulen og elever/foreldre. Men no er det slik at alle anmerkningar ligg synleg i Visma, og skal ein elev ha moglegheit til å endre uønska adferd så må foreldre få kjennskap.</li> <li>• Det er foreslått eit 5-årsjubileum av skulen i august der det samtidig vil vere ein offisiell opning av klatreparken.</li> <li>• 17.mai feiringen på Gol vil bli begrensa. Det er satt ned ei arbeidsgruppe som sett saman eit program. Kulturavdelingen sender ut informasjon så snart alt er klart. Men dessverre blir det ingen barnetog i år heller.</li> </ul>

[Click here to enter text.](#)

[Click here to enter text.](#)